



Byggmester Steinar Thunold AS
Sollsmittet 2
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2533 - 17/10059

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

16.05.2017

Godkjenning - GBNR 38/65 - Løyve til endra plassering av bygning og til endra ansvarleg føretak - Refskar

Administrativt vedtak. Saknr: 136/2017

Tiltakshavar:

Sambonn Tochang

Ansvarleg søkjar:

Byggmester Steinar Thunold AS

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om endringsløyve i samband med oppføring av bustad på gbnr. 38/65. Det er søkt om følgjande:

- Endring i form av at underetasje på fremste del av bustaden vert sløyfa.
- Endring av ansvarsrett for UTF for grunn, fundamentering og terrengarbeid.

Det vert vist til søknad, journalført motteke 12.5.2017.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 første ledd, men ettersom arbeidet ikkje, eller i lita grad, berører interessene til naboar, finn ikkje kommunen grunnlag for å krevje nabovarsling, jf. pbl § 21-3 andre ledd.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Byggverket si høgd og plassering:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at byggverket si plassering, medrekna høgdeplassing, og byggverket si høgd skal godkjennast av kommunen.

I vedtak datert 1.12.2016, saknr: 393/2016, vart det gitt løyve til oppføring av bustad over to plan på gbnr. 38/65. Omsøkt endring inneber at bustaden skal ha eitt plan. Administrasjonen finn at vi kan godkjenne høgda i samsvar med pbl § 29-4 første ledd.

Når det gjeld plassering er topp overkant golv oppgitt til kote +47,5 moh og mønehøgda til kote +52,1 moh. Administrasjonen finn at vi kan godkjenne plassering som omsøkt, jf. pbl § 29-4 første ledd.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og oppdatert gjennomføringsplan, journalført 12.5.2017. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1.

Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune godkjenner søknad om endring av løyve som omsøkt, jf. plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-4. Plassering av bygg skal vere som vist på vedlagte teikningar, journalført motteke 12.5.2017. Dei godkjente teikningane supplerer og erstattar tidlegare godkjente teikningar.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

- 35.grd, 06.05.16 1.Plan Rævs karet.Endrigstegning
- 35.grd, 06.05.16 fasade Rævs karet.Endrigstegning
- 35.grd, 06.05.16 Fasade 2 Rævs karet.Endrigstegning
- 35.grd, 06.05.16 Ring mur Rævs karet.Endrigstegning
- 35.grd, 06.05.16 Snitt Rævs karet.Endrigstegning

Mottakere:

Byggmester Steinar Thunold AS

Sollsmittet 2

5136

MJØLKERÅEN